

# MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

|                 |           |   |                                |
|-----------------|-----------|---|--------------------------------|
| Landbruksnemnda |           | Fylkeslandbruksstyre<br>FYLKESLANDBRUKSSTYRET I HORDALAND |                                |
| Møte            | Sak       | Møte<br>1.7.85  | Sak<br>1260 85 00031 DEL       |
| Reg.nr.         | Tidl. sak | Reg.nr.   | Tidl. sak<br>1260 84 00106 DEL |

FYLKESLANDBRUKSSTYRET  
JF/TD

Vedk. søknad om deling av ein hytteparsell frå gnr. 14, bnr. 6, Soltveit i Radøy.

Ingen av styremedlemmene sa seg ugilde.

Fylkesskogsjefen si fråsegn:

Saka gjeld ein søknad dat. 16.11.84. om <sup>frå-</sup>deling av ein hytteparsell som vart kjøpt i 1972, der hytta vart bygd same år etter planer godkjend av Fylkesmann og Radøy bygningsråd. Fylkeslandbruksstyret gjekk i si tid (møter 5/4-73 og 28/6-73) imot frådelinga på bakgrunn av m.a. uttale frå fylkesskogrådet, eit vedtak som Landbruksdepartementet seinare stadfesta. Grunnlaget for nekting var m.a. at parsellen ligg i eit skogområde der frådeling av ein hyttetomt vil stengja for ein vegrett som går over tomta, og skogsdrifta ville kunna verta hindra. Ein viser ellers til vedlagde skriv frå naboar, samt saksutgreiing frå landbruksnemnda, som tilrår den omsøkte frådelinga.

Fylkesskogsjefen vil etter ei samla vurdering rå ifrå den omsøkte frådeling, og vil spesielt peika på dei tidlegare vedtak, fatta av fylkesskogråd, fylkeslandbruksstyre og stadfesting av Landbruksdepartement.

Framlegg til vedtak:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkesskogsjefen si fråsegn, og nektar den omsøkte frådeling av gnr. 14, bnr. 6, Soltveit i Radøy

V e d t a k:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkesskogsjefen sitt framlegg til vedtak.

|            |              |                    |
|------------|--------------|--------------------|
| Sign. Lbn. | Sign. Fl.st. | Utskrift sendt til |
|------------|--------------|--------------------|

# MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

14/

|   |   |   |  |  |  |   |
|---|---|---|--|--|--|---|
| Landbrukenemnda<br>Radøy                              |   | Fylkeslandbruksstyre                                |  |  |  |   |
| Møte<br>04.12.84.                                     | Sak<br>12608400106 DEL  | Møte<br>01.07.85                                    | Sak  |  |  |   |
| Reg.nr.<br>410/84.                                    | Tidl. sak   | Reg.nr.   | Tidl. sak  |  |  |   |
| Søknad om fradeling av ..... ein                      |   | parsell(er) ..... 1,0 da                            |  |  |  |   |
| Søknad om omdisponering av ..... fra eiendommen       |   | parsell(er) ..... da                                |  |  |  |   |
| Soltveit  |   |   |  |  |  |   |
| G.nr.<br>14   | B.nr.<br>6  | Kommune<br>Radøy                                    |  |  |  |   |
| Eier(e)<br>Alise Soltveit                             |   | Adresse<br>5127 Sletta.                             |  |  |  |   |
| Kjøper(e)<br>Johannes Ripmann<br>v/ adv. Egil Lassen, |   | Adresse<br>Postboks 14 5091 Kokstad.                |  |  |  |   |
| Areal-<br>oppgave                                     | Fulldyrket .....  | 9 da  | <input type="checkbox"/> A <input checked="" type="checkbox"/> B | ..... da   | <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B    |   |
|   | Overflatedyrket/gjødset beite .....   | 5 da  |  | ..... da   |  |   |
|   | Prod.skog/plantemark ..... ca .....   | 75 da   |  | 1,0 da   |  |   |
|   | Annet areal ..... ca .....  | 6 da  |  | ..... da   |  |   |
|   | Areal i alt .....   | 95 da   |  | ..... da   |  |   |
|   | Dyrkbart .....  | ..... da  | <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B            | ..... da   | <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B    |   |
| Bruks-<br>måte  | Bruket er:  |   | <input type="checkbox"/> Familiebruk                             | <input type="checkbox"/> Støttebruk              | <input type="checkbox"/> Ikke jordbruk                   | <input checked="" type="checkbox"/> Bortleid                |
|   | Bruket ligger i et område med:  |   | <input checked="" type="checkbox"/> Middels gode jordbruksvilkår | <input type="checkbox"/> Dårlige jordbruksvilkår | <input type="checkbox"/> Gode jordbruksvilkår            | <input checked="" type="checkbox"/> Økt og stabil folketall |
| Formålet<br>med<br>frad./<br>omdisp.                  | <input type="checkbox"/> Skogplanting   |   | <input type="checkbox"/> Boligformål                             |  | <input checked="" type="checkbox"/> Hytte/fritidshus     |   |
|   | <input type="checkbox"/> Tilleggsjord   |   | <input type="checkbox"/> Industri ol.                            |  | <input type="checkbox"/> Kirke, skole, helse, idrett ol. |   |
|   | <input type="checkbox"/> Tilleggsskog   |   | <input type="checkbox"/> Veger/samferdsel                        |  | <input type="checkbox"/> Andre formål                    |   |
| Saks-<br>utredning                                    | <p>Parsellen vart betalt i 1972 og hytta bygd.<br/>Fylkeslandbruksstyret godkjente ikkje frådelinga (møte 5/4-1972) og søkjaren klage til landbruksdepartementet. Landbruksdepartementet stadfesta fylkeslandbruksstyret sitt vedtak.<br/>Parsellen er no opparbeidd med plen og beplanting og inngjerda på tre sider. Av tidligare saksdokument går det fram at hytteparsellen truleg kjem inn på felles strandareal for gardane Valdernesnes og Soltveit og at ein felles utskiftningsveg går over parsellen.<br/>Skogrådet har og peika på at parsellen er i vegen for framdrift av tømmer frå området.</p> <p>Skogreisningsleiaren si vurdering:<br/>Når hytta likevel er oppkomen, kan eg -under tvil- tilrå frådeling etter ny oppmåling der naboar og eigarane av felleseiga ved sjøen vert varsla for å ivareta sine rettar.<br/>Parsellen kan verta til hinder for framtidig skogdrift. Truleg går der vegrett over parsellen, og truleg ligg noko av plasen på felleseiga.<br/>På oppmålingsbrevet bør dette koma fram. ./.</p> |   |  |  |  |   |
| Sign. (Lbn.)  | Sign. (Fl.st.)  | Utskrift sendt til:                                 |  |  |  |   |
| E. Dalland  |   | Fylkeslandbruksstyre i Hordaland og partane i saka. |  |  |  |   |

25.000. 12.83. s.s. trykk-Oslo

# MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

| Landbruksnemnda |                 | Fylkeslandbruksstyre |           |
|-----------------|-----------------|----------------------|-----------|
| Møte            | Sak             | Møte                 | Sak       |
| 04.12.84.       | 12608400106 DEL |                      |           |
| Reg.nr.         | Tidl. sak       | Reg.nr.              | Tidl. sak |

Radøy Skogråd har tidligare påpeika at parsellen kan skaffa problemer for skogdrifta. Dette er Ripmann villig til å bøte på "ved å gje fri ferdsel over heile eigedommen"-, og likeeins at der ikkje skal setjast opp gjerde i området. (sjå brev frå Ripmann til landbruksdepartementet datert 8.mai 1973).

Heradsagronomen si vurdering:

Hytta er bygd og tomten er opparbeid. ARealet kan reknast som plantemark av medels bonitet. Frådelinga er lite til ulemper dersom bruksrettane vert som før. Utskiftingsvegen kan avmerkast på målebrevet, og dersom veggen ikkje går gjennom hytta vert det ingen ulemper for brukaren.

Tilråding til landbruksnemnda:

Landbruksnemnda i Radøy kan tilrå frådeling av det ingjerda arealet av gnr.14, bnr.6.

Landbruksnemnda kan ikkje tilrå at skyldskifte frå 1972 vert tinglyst. Parsellen må oppmålast, og alle moglege heft må påførast.

Tilråding til fylkeslandbruksstyre.

Saka vert utsett og oversendt grunneigarane langs stranda til uttale.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

# MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

|                 |                 |                      |           |
|-----------------|-----------------|----------------------|-----------|
| Landbruksnemnda |                 | Fylkeslandbruksstyre |           |
| Radøy           |                 |                      |           |
| Møte            | Sak             | Møte                 | Sak       |
| 30.4.85.        | 12608500031 DEL | 01.07.85             |           |
| Reg.nr.         | Tidl. sak       | Reg.nr.              | Tidl. sak |
| 124/85.         | 12608500106 DEL |                      |           |

SØKNAD OM FRÅDELING AV EIN HYTTEPARSELL AV GNR.14, BNB67  
SOLTVEIT I RADØY.

Ein viser til utsett sak 12608400106 DEL.

Grunneigarane har hatt møter og kome med to fråsegner. Den eine fråsegna er underskreven av 7 grunneigarar. Dei er imot at parsellen vert frådelt av prinsipielle grunnar i tillegg til alle ulempene for grunneigarane. Dei er og redd for at dersom parselle vert godkjent frådelt kan hytteeigaren oreigna seg rett til tilkomst sjøvegen.

Den andre fråsegna er underskreven av 6 grunneigarar. Dei er samd i heradsagronomen si tilråding til frådelling. Hytteeigaren har bygd kai på felleseiga utan samtykkje, og grunneigarane vil ha ein skriftleg leigeavtale for kaien.

Heradsagronomen si vurdering:

Dersom hytteparsellen vert oppmålt og vegretten over parsellen vert stadfest skulle det ikkje verta til ulempe for grunneigarane som har vegrett.

Kaien som er bygd utan løyve på felles strandline er helst ei politisak.

Tilråding til landbruksnemnda.

Landbruksnemnda i Radøy kan tilrå frådellinga av det inngjerda arealet av gnr.14, bnr.6.

Landbruksnemnda kan ikkje tilrå at skyldskifte frå 1972 vert tinglyst. Parsellen må oppmålast, og alle moglege hefte må påførast, og utskiftningsvegen (ane) må merkast i marka og på målebrevet. Parselleigaren må syte for lovleg tilkoms til htte.

Tilråding til fylkeslandbruksstyre.

Landbruksnemnda i Radøy kan tilrå frådelling av det inngjerda arealet av gnr.14, bnr.6.

Landbruksnemnda kan ikkje tilrå at skyldskifte frå 1972 vert tinglyst. parsellen må oppmålast, og alle moglege hefte må påførast, og utskiftningsvegen (ane) må merkast i marka og på målebrevet. Parsellen må ikkje inngjerdast.

./.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til

Eli Dalland

Fylkeslandbruksstyre i Hordaland.  
og partane i saka.